


Planstrategi for Stranda kommune 2025 – 2028



Vedteke av kommunestyret 28.05.25.

Versjon 4 – 28.05.25.

Føringar

I følge plan- og bygningslova § 10-1 fyrste ledd skal kommunestyret utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi i løpet av det første året etter konstituering.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytta til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt behov for planar.

Kommunen har avgrensa kapasitet til å drive omfattande planarbeid, og forventning til gjennomføringsevne må samsvare med dette. Naudsynte midlar til planlegging må følgje med.

Regionale føringar

Møre og Romsdal fylke har utarbeidd [regional planstrategi 2025 – 2028 i tillegg til kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal 2025 – 2028](#). Det er kunnskapsgrunnlag både for regional og kommunal planlegging.

Nasjonale føringar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram [nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga \(2023- 2027\)](#). Hovudkapitla er delt inn etter fem overordna perspektiv:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Planlegging vert trekt fram som eit av dei viktigaste verktøya for å løyse utfordringane. I den forbindelse har regjeringa bestemt at [FN sine 17 berekraftsmål](#) skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.


Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i sitt [Forventningsbrev 2024 – nasjonale forventningar til kommunane, FORSTÅ DI TID!](#) laga ei oversikt over dei viktigaste satsingsområda i kommunal planlegging:

- Berekraftig kommunal planlegging
- Kommuneøkonomi
- Barn og unge
- Gode helse- og omsorgstenester
- Ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk
- Berekraftig landbruksforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap


Utfordringsbiletet er prega av:

- Klimaendring og tap av natur
- Krig i Europa
- Fattigdom og utanforskap
- Flyktningar og integrering
- Strammare kommuneøkonomi
- Ei eldre befolkning
- Mangel på folk og kompetanse
- Kunstig intelligens (KI) – utfordring og moglegheit

Plansystem



Meir utvida vert det ofte også framstilt slik:



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Kunnskapsgrunnlag

I samband med informasjonsrunde og oppfølging frå Statsforvaltar og fylkeskommune etter valet i 2023 vart det påpeika kor viktig det er med forankring av samfunnsplan i kommunestyret – helst etter kvart val. Forslag til planprogram vart vedteke utlagt til offentleg ettersyn etter vedtak i planutvalet 22.05.24 i sak 016/24. I dette dokumentet ligg også mykje kunnskapsgrunnlag for planstrategien.

Vidare såg ein på nyåret 2024 raskt behov for å få på plass ein Bustadplan. Denne vart vedteken av kommunestyret 18.06.24 i sak 061/24 og er også ein del av kunnskapsgrunnlaget.

I januar vart alle einingsleiarane bedt om innspel til planstrategien og ein har fått inn mange innspel som styrker planen.


Ein første versjon av planstrategien vart lagt fram for kommuneplanutvalet 17.01.24 som vedtok å prioritere planar som kan vere med å snu folketalsutviklinga.

Tre notat er lagt ved etter saker/aktualisering i Mkpla. Dette gjeld regulering av strandsone, trafikktryggingssplan og byggeklare tomter.


Fylkesstatistikken er eit viktig grunnlag der utvikling fram til 2022 har vore lagt ved tidlegare i prosessen – no har ein lagt inn til og med 2023 og teke fram nokre av tabellane i planen.

Folketalsutvikling:

Tabellane og grafane nedanfor er henta frå fylkesstatistikken. Folketalet går framleis nedover, og er pr. 01.01.24 på 4347.




Utviklinga i grunnkrinsane er som følgjer:




I 2023 vart Geiranger teke fram med auke på 35, i 2024 går det litt ned igjen – men likevel ein positiv trend frå 2018. Også Husbanken trekker fram satsinga på leiligheiter som Hotel Union har gjort.


Av dei om lag 4347 innbyggerane utgjer innvandrarar omlag 1000 personar – altså om lag 20 %.




Av innvandrarak kjem flest frå Litauen og Polen.




Oversikt over levande fødde viser ein nedgang frå rundt 90 pr/år på 60 og 70-talet til underkant av 30 siste åra.



Denne prognosen viser at vi i 2038 kan vere i ein situasjon der 30 % av befolkninga i Stranda er over 67 år.



Arbeidsplassdekning var i 2022 og 2023 på over 100 %.




Arealbruk: (kjelde SSB, Miljødirektoratet og målingar i Gislink.no))

Stranda kommune totalt 939 km². Av dette er 865,86 km² landareal. Bygd areal utgjer 0,83 km² og vegane utgjer 1,86 km².

- Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap: om lag 322 km² i Stranda kommune
- Geiranger – Herdalen landskapsvernområde i Stranda kommune: 312,5 km² (sjø og landareal) Inkluderer også Hyskjett naturreservat på 525 dekar.
- Korsbrekke naturreservat: 75 dekar (5 dekar land)
- Presten naturreservat: 512 dekar
- Liabygda naturreservat: 144 dekar

Totalt utgjer nemnde areal for vern omlag 34,3 % av arealet (sjø og land).

Typar av husholdningar



Kilde: Familier og husholdninger, Statistisk sentralbyrå

Det er 5 innbyggjarar pr. km² og 71 % av innbyggjarane bur i tettstad (definert som min. 200 innbyggjarar, med mindre enn 50 m mellom husa)

Største utfordringane framover:

Å halde oppe innbyggartalet framover er viktig for dei økonomiske rammene til kommunen og i stor grad avgjerande for å ha tilstrekkeleg arbeidskraft både i privat og offentleg verksemd. Dette bør ein legge til rette for best mogleg i alle bygdelag. Ein **bustadplan** vil vere eit svært godt og nyttig reiskap. Ein slik plan er i stor grad også naudsynt for å få tilskotsmidlar frå Husbanken.

Lågare barnetal er utfordrande og kan etter kvart tvinge fram strukturendringar som på sikt forsterkar nedgangen i fødsels- og innbyggartal. Så langt råd må ein ha som mål å finne verkemiddel og legge til rette for auke i fødsels- og innbyggartal i alle bygdene.

Stadig fleire eldre over 67 år, der den eldste gruppa vert større, gir utfordringar innan helse- og omsorg. Ein strategiplan for å møte desse utfordringane er under arbeid.


Trafikktryggingssplan er svært gammal og må rullerast/utarbeidast på nytt.

Både avløpsplan og plan for drikkevassforsyning byrjar å bli gamle. Desse må også prioriterast- og gjerne også omfatte ein overordna plan for overvasshandtering.

Nokre planar er meir eller mindre årlege rulleringar på; her kan nemnast økonomiplan og beredskapsplan.

Samfunnsplan og arealplan er tunge planar som krev mykje ressursar ved rullering. Likevel kan det vere tenleg å gjere ei lettare justering av samfunnsplanen. Ein slik gjennomgang vil sikre god forankring i det nyvalde kommunestyret og dermed verte eit godt styringsverktøy for dei neste 4 åra. Arbeidet er igongsett. Endringar i arealplan kan vere aktuell i etterkant.

I kommunedelplan for energi- og klima er det sett som mål å redusere klimagassutsleppa med 25 % samanlikna med 2019 innan 2025. Som ein ser av statestikken gjorde koronaepidemien stort utslag i åra 2020 og 2021 på sjøfart. Mykje kan tyde på same effekt i 2025/2026 med strengare krav til utslepp i verdsarvfjordane (0-utsleppskrav frå 2026). Det er elles lita endring innan dei andre områda.



Klimaendringar og endra globalt trusselbilde (krig, sabotasje, spionasje) gjer det ekstra viktig med overordna ROS – gjerne med hyppigare endringar enn tidlegare.

Generelt er det lett for å legge inn større ynskje om planar som skal gjennomførast enn det ein greier å gjennomføre. Det er difor viktig å prioritere slik at ein brukar ressursane på dei viktigaste planane.

Oppgåver/handlingsplan til planstrategi 2025 – 2028.

	Planoppgåver						
	PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKE	2024	2025	2026	2027	2028-
1.0	Kommuneplan						
1.1	Kommuneplan - Samfunnsdel	2019	x				x
1.2	Kommuneplan - Areal	2021		x	x		
1.3	Planstrategi.	2012	x			x	
2.0	Kommunedelplanar						
2.1	Kommunedelplan Landbruk	2008			x		
2.2	Kommunedelplan sjøareal	2021	x				
3.0	Årlege planprosessar						
3.1	Økonomiplan/Årsbudsjett	årleg	x	x	x	x	x
4.0	Større sektorplanar.						
	Forebyggjande oppvekstplan		x				
	Hovedplan for vassforsyning		x				
	Hovedplan for avløp, overvatn og vassmiljø	2009			x		
	Helse- og omsorgsplan	2016		x			
	Rehabiliteringsplan			x			
	Legeplan			x			
	Folkehelseoversikt					x	
	Plan for folkehelse				x		
	Pandemi-/smittevernplan				x		
	Strategisk næringsplan	2020		x			
	Rullering handlings- og tiltaksplan næring	2023	x	x	x	x	x
	Kommunedelplan for idrett 2021-2024	2022	x				
	Handlingsplan idrett, rullering	2022	x	x	x	x	x
	Beredskapsanalyse brann - og redning						
	Forebyggjandeanalyse brann og redning						
	Revidere brannordninga frå 1998	1998		x			
	Forvaltningsplanar Statleg sikra friluftsområde						
	Kommunal detlating i Fylkeskommunalt planarbeid med Regional plan for Vestnorsk fjordlandskap			x			
5.0	Sektorovergripande planar						
	Plan for beredskap og krise	Kontinuerleg	x	x	x	x	x
	Heilskapleg ROS Stranda kommune		x				
	Trafikktryggingplan	2003		x			
	Energi- og klimaplan	2022 (02/22)		x			
	Ruspolitisk handlingsplan	2016			x		
	Bustadplan		x				
	Plan for integrering			x			
	IKT-Plan				x		
	Kulturplan				x		
	Kulturminneplan, rullering	2019		x			

	Plan for befolkningsvarsling for fjellskred						
	Beredskapsplan for fjellskred						
	Plan for naturmangfold						
6.0	Reguleringsplanar						
	Regulering Stranda, bustader Ødegård (jf. arealplan), eventuelt ta med delar av eksisterande felt, jf. notat byggeklare tomter.		x	x			
	Regulering Stranda Helse/omsorg (jf. sjukeheim mm)		x	x	x		
	Reguleringsplan for Øygardsvika - Helsemvika				x		
	Stranda – oppdatering føresegner (ev. plankart)	2011			x	x	
	Hellesylt – oppdatering føresegner (ev. plankart)	2015				x	x
	Liabygda – oppdatering føresegner (ev. plankart)					x	x
	Det skal gjennomførast regulering for komplettering og utviding av eksisterande bustadfelt i tettstadane i Stranda kommune, der ein kan utnytte eksisterande infrastruktur som veg, vatn og avløpsnett.						
	Regulering av adkomst og bru over Storelva ved Svemorka industriområde til Fursetøyane			x			
	Svemorka III Industri (oppstarta – delvis ferdig)						x
	Gangveg Sløgstadmarka (under arbeid)		x				

Vedteke i kommunestyresak 047/25.